

# Årsmøte i Oslo Mållag 2016

**Tid:** Onsdag 17. februar 2016, klokka 16.00.

**Stad:** Skrivarstova til Noregs Mållag, Lilletorget 1.

Velkomen til årsmøte i Oslo Mållag ved avtroppande leiar Helene Urdland Karlsen.

## **Framlegg til sakliste frå styret:**

**Sak 1:** Opning. Helsing frå Noregs Mållag. Godkjenning av innkalling og sakliste. Val av ordstyrar, møteskrivar og møtebokunderskrivarar

**Sak 2:** Årsmelding 2015—2016

**Sak 3:** Arbeidsprogram 2016

**Sak 4:** Budsjett og rekneskap

**Sak 5:** Fastsetjing av årspengar for 2017

**Sak 6:** Val av styre

**Sak 7:** Val av ettersyn

**Sak 8:** Val av valnemnd

**Sak 9:** Val av utsendingar til årsmøte til Fylkesmållaget Vikværingen

**Sak 10:** Val av landsmøteutsendingar

**Sak 11:** Anna

# **SAK 1: Opning**

## **Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Framlegg til ordstyrar:**

Kristofer Olai Ravn Stavseng

### **Framlegg til møteskrivar:**

Torstein Vik Århus

## **SAK 2: Årsmelding 2015—2016**

Denne årsmeldinga tek for seg tida mellom årsmøtet i februar 2015 og årsmøtet i februar 2016.

### **Årsmøte 2015**

Årsmøtet var 26. februar på Skrivarstova til Noregs Mållag, Lilletorget 1. 17 stykk møtte opp. Magne Skjævesland song og fortalde frå Ferda Vinje.

### **Styret 2015—2016**

I perioden har desse vore i styret:

Leiar: **Helene Urdland Karlsen**

Nestleiar: **Liv Eldegard Talle**

Skrivar: **Torstein Vik Århus**

Økonomiansvarleg: **Ole Jan Borgund**

Styremedlem: **Sigrid S. Botheim**

1. varamedlem: **Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad**

2. varamedlem: **Karine Munch**

3. varamedlem: **Tharaniga L. Rajah**

4. varamedlem: **Halldis Folkedal**

### **Styrearbeid**

Styret har hatt møte minst ein gong i månaden (med unntak av sumarmånadane) og mykje e-postkontakt i perioden. Både faste medlemar og varamedlemar har delteke. I tillegg til vanlege styremøte har laget hatt fleire arbeidsdugadar, særleg i samband med valaksjonen i haust.

### **Medlemstal**

Medlemstalet har halde seg stabilt dei siste åra. I 2015 var talet på betalte medlemskap 433

(27 meir enn i 2014), 41 av desse var nye medlemmer. Det inneber ein auke på 10 %. Per 29.1.2016 er talet på aktive potensielle betalrarar 494. 7 av desse melde seg inn i laupet av januar 2016.

## **Tilskipingar**

Styret har halde på målsetjinga frå førre året om å laga ein uformell møteplass for målfolk i Oslo-området og gjera nynorsken synleg i Oslo. I perioden har me hatt fire målbarar, éin arbeidsdugnad for medlemmar og éin aksjon. Oslo Mållag har delteke på eitt seminar arrangert av Noregs Mållag.

### *13.–15. mars*

Noregs Mållag inviterte til nasjonalt vårseminar i Fredrikstad. Helene Urdland Karlsen og Oddrun Grønvik møtte frå Oslo Mållag. Helene Urdland Karlsen deltok òg på eit seminar for nye lokallagsleiarar som vart halde på fredagen.

### *26. mars*

Oslo Mållag inviterte til teatertur på Det Norske Teatret. Me såg Mor Courage og barna hennar. Ni stykk melde seg på teaterturen.

### *24. april*

Oslo Mållag inviterte til omvising på Det Norske Teatret. Fem stykk melde seg på. To av desse gjekk vidare til Herr Nilsen etterpå.

### *28. mai*

Oslo Mållag inviterte styremedlemmar og andre interesserte til arbeidsdugnad på Skrivarstova. På saklista stod MålBar og profilering. Saka me arbeidde mest med, var ein ambisiøs idé om å omsetja alle partiprogramma i bystyret i Oslo (attpå partiprogrammet til Oslo Sp) til nynorsk.

Styret og éin varamedlem møtte opp.

### *Juni— september*

Aksjon i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet. I laupet av sumaren og august månad, laga Oslo Mållag avtaler med partia i kommunestyret (og Oslo Sp) om å omsetja partiprogramma deira til nynorsk heilt kostnadsfritt. Desse partia takka ja: Oslo Raudt, Oslo Høgre, Oslo Ap, Oslo Sv, Oslo KrF, Oslo MDG, Oslo Sp og Oslo V. Av dei me spurde, var det berre Oslo FrP som takka nei. Partia viste stor interesse for tiltaket, og alle la ut nynorskversjonen sin på nettsidene sine.

Oslo Mållag hyra fire svært flinke personar til å omsetja partiprogramma for oss. Desse fekk alle ein symbolsk sum for arbeidet (3000 kr per program). Oslo Mållag søkte om pengar frå Sparebankstiftelsen DNB (50 000 kr) og Fylkesmållaget Vikværingen (3000 kr) for å kunne løna omsetjarane etter satsane til Norsk Faglitterær Forfatter- og Oversetterforening. Me enda med å få 3000 kroner, løyvde av Vikværingen. Omsetjarane var: Ida Haugum, Vegard Storsul Oppdahl, Vebjørn Sture og Ole Jan Borgund. Helene Urkland Karlsen omsette nokre mindre flygeblad for KrF.

For å blesta tiltaket stod laget på stand på Egertorget den 8. september. Til standen trykte me opp partiprogramma og flygeblad. Me laga i tillegg jakkemerke, som me delte ut saman med flygeblada. På jakkemerka stod det «På parti med nynorsken». Me serverte òg kake/muffins.

Medan nokre stod på stand, gjekk andre styremedlemar ned til valbuene på Karl Johan for å dela ut programma der og snakka med standfolket om tiltaket. Mellom dei som fekk med seg eit program på nynorsk, var Kjell Magne Bondevik.

Medlemene våre vart informert om tiltaket (på den vanlege måten) gjennom nyhendebrev, fjesbokhending og innlegg på nettsida.



29. oktober

Oslo Mållag inviterte til omvising på Nasjonalbiblioteket med djupdykk ned i enkelte av manuskripta til Ivar Aasen. Åtte stykk vart med. Fire stykk gjekk vidare på Palace Grill og Kafé Sara.

6. desember

Oslo Mållag inviterte til jolekonsert med Songlaget i BUL i Oslo. Ti stykk melde seg på. Tre stykk møtte ikkje.

### **Løyvingar**

Oslo Mållag løyvde 5000 kroner til Norsk Målungdom, som søkte pengar til landsmøtet sitt. Laget valde òg å takka ja til ei innbyding frå Samlaget om å skriva seg på helsingslista til Norsk Ordboks festskrift for 250 kroner (pluss porto).

### **Deltaking**

Oslo Mållag hadde to utsendingar til det nasjonale vårseminaret i Fredrikstad som Noregs Mållag skipa den 13.—15. mars 2015. Desse var Helene Urdland Karlsen og Oddrun Grønvik. I tillegg har laget vore representert på årsmøtet til Fylkesmållaget Vikværingen.

### **Media**

Oslo Mållag har hatt noko mediedekning i perioden. Standen i september vart dekt av nettavisa *Framtida*. Same artikkel kom på trykk i *Norsk Tidend*. *Bergens Tidende*, *Klassekampen* og *Dag og Tid* hadde kvar sin notis om hendinga.

Framtida: <http://framtida.no/articles/pa-parti-med-nynorsken#.VqssS032ZD8>



Notis frå BT:



## Blesting

Oslo Mållag har sendt ut om lag eitt nyhendebrev kvar månad. Kvar MålBar har òg vorte blesta på fjesboka med eigne hendingar og på nettsida vår: [oslo.nynorsk.no](http://oslo.nynorsk.no). I perioden har me oppretta ein twitter-konto. Me har ikkje brukt pengar på lysingar i år.



# **SAK 3: Arbeidsprogram 2016**

## **1.0 Føremål**

Oslo Mållag skal arbeida for å styrkja målreisinga i hovudstaden. Vi ynskjer å auka bruken av det nynorske skriftmålet og nynorsk tale, både nynorsk standardtalemål og dei nedarva dialektane.

Oslo har eit av dei største lokallaga i landet med tanke på medlemstal, og hovudstaden hyser fleire nynorskskrivande enn så godt som alle andre byar i Noreg. Det er ei viktig oppgåve å fremja interessa for målsaksarbeid mellom desse. Gjennom mållaget i Oslo kan målfolk i byen stå saman og få sterkare gjennomslag for synsmåtane sine andsynes styremaktene og allmenta.

## **2.0 Målpolitikk i hovudstaden**

### **2.1 Språk i skulen**

Oslo Mållag vil fylgja med i diskusjonen om nynorsk som sidemål. Me meiner at gjeldande sidemålsordning i grunnskulen og den vidaregåande skulen bør halda fram.

Oslo Mållag vil sjå på arbeidet som tidlegare er gjort saman med norsklærarar i og rundt Oslo, for så å vurdere om dette arbeidet kan startast opp att.

Dersom oppretting av nynorskklasser i Oslo på ny vert aktuelt, skal Oslo Mållag stø opp om dette arbeidet.

### **2.2 Offentleg målbruk**

Oslo Mållag vil halda auge med språkbruken i offentlege organ i hovudstaden og stimulera til meir og betre nynorskbruk.

## **2.3 Kommunereform**

Oslo Mållag vil stø Noregs Mållag i arbeidet deira knytt til den nye kommunereforma. Språk må inn som ein viktig variabel i vurderinga av kva kommunar som skal slåast saman. Me vil arbeida for nynorskkommunen og for at den «språknøytrale» kommunen vert reelt «tospråkleg».

## **3.0 Organisasjonsutvikling**

### **3.1 MålBar**

Oslo MålBar er ein viktig møtestad for målfolk i og omkring Oslo. Oslo Mållag skal skipa til MålBar om lag éin gong i månaden.

### **3.2. Medlemsvekst**

Oslo Mållag har som målsetjing å få 550 betalande medlemmer ved utgangen av 2016. Laget skal ha minst éin vervekampanje i perioden.

### **3.3 Synleggjering av organisasjonen**

Oslo Mållag vil arbeida for å bli meir synleg i media. Laget skal ha minst eitt medieutspel i halvåret. Me skal senda ut pressemelding og invitera journalistar til større hendingar.

#### **3.3.1 Nyhendebrev og heimeside**

Oslo Mållag skal senda ut nyhendebrev om lag éin gong i månaden. Nyhendebrevet skal informera om målrelaterte hendingar i Oslo-området. Laget vil arbeida for å få nyhendebrevet ut til ei større gruppe, og for å få andre mållag i nærliggjande trakter til å rapportera inn hendingar til oss.

Oslo Mållag skal halda fram med å ha ei oppdatert heimeside.

### **3.4 Samarbeid**

Oslo Mållag skal søkja samarbeid med andre lokale mållag eller aktuelle nynorskorganisasjonar i Oslo-området. Oslo Mållag skal stø opp om arbeidet til andre

mållag i Oslo og Akershus. Oslo Mållag skal òg, i samarbeid med Studentmållaget i Oslo (SmiO), vera ei vaktbikkje andsynes språkpolitikken til UiO.

## **SAK 4: Budsjett og Rekneskap**

**[Kjem!]**

## **SAK 5: Fastsetjing av årspengar for 2017**

Lokalsats for Oslo Mållag held fram med å vera 100 kroner.

## **SAK 6: Val av styre**

### **Framlegg frå valnemnda:**

#### **Styret i Oslo Mållag 2016:**

Ny leiar: Liv Eldegard Talle [liv.talle@gmail.com](mailto:liv.talle@gmail.com)

Ny nestleiar: Tharaniga L. Rajah [tharaniga.rajah@gmail.com](mailto:tharaniga.rajah@gmail.com)

Attval: Torstein Vik Århus, skrivar [torstein.aarhus@gmail.com](mailto:torstein.aarhus@gmail.com)

Attval: Ole Jan Borgund, økonomiansvarleg [olejanborgund@hotmail.com](mailto:olejanborgund@hotmail.com)

Attval: Sigrid S. Botheim, Styremedlem [sigrid.botheim@gmail.com](mailto:sigrid.botheim@gmail.com)

#### **Varamedlemar:**

1) Ny: Ole Kristian Grønneng [okgronneng@gmail.com](mailto:okgronneng@gmail.com)

2) Attval: Halldis Folkedal [halldisfolkedal@gmail.com](mailto:halldisfolkedal@gmail.com)

3) Attval: Karine Munch [karine.munch@iln.uio.no](mailto:karine.munch@iln.uio.no)

4) Attval: Sigrid Sofia Kleiva-Gramstad [skleivagramstad@gmail.com](mailto:skleivagramstad@gmail.com)

## **SAK 7: Val av ettersyn**

### **Framlegg til ettersynsmann**

Attval: Kristen Turtum

## **SAK 8: Val av valnemnd**

### **Framlegg frå valnemnda:**

Ny: Birgitta Lim Ersland

Ny: Helene Urdland Karlsen

## **SAK 9: Val av utsendingar til årsmøtet i Fylkesmållaget Vikværingen**

### **Framlegg frå leiaren:**

1. Liv Eldegard Talle
2. Torstein Vik Århus

## **SAK 10: Val av landsmøteutsendingar**

### **Framlegg frå leiaren:**

1. Liv Eldegard Talle
2. Tharaniga L. Rajah
3. Torstein Vik Århus
4. Sigrid S. Botheim

Varautsending: Helene Urdland Karlsen (frå valnemnda)

## **SAK 11: Anna**

---

Fylg oss!

Twitter: @oslomaallag

Fjesboka: <https://www.facebook.com/OsloMallag/>